



RADØY KOMMUNE

NOTAT

GEBYRREGULATIV FOR TEKNISK SEKTOR OG LANDBRUK

I RADØY KOMMUNE

(KS' REVIDERTE GEBYRMAL AV 2004-03-01)

GEBYR VEDTEKE AV KOMMUNESTYRET MED HEIMEL I:

- § 109 i plan og bygningsloven av 14. juni 1985
- § 5-2 i lov om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom (delingsloven) av 23. juni 1978
- § 7 i lov om eierseksjoner av 20. mars 1997
- Forskrift om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v. av 29. desember 1993 (Forskrift til forvaltningsloven § 27a.)
- § 52 a lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven)

REGULATIVET BLEI VEDTEKE AV KOMMUNESTYRET **26. NOV. 2008**, SAK 072/08, OG GJELD FRÅ **01.01.2009**

REGULATIVET AVLØYSER TIDLEGARE GJELDANDE REGULATIV

Innhald

A	Generelle reglar	4
A.1	Betalingsplikt	4
A.2	Kva for regulativ skal nyttast	4
A.3	Betalingstidspunkt	4
A.4	Urimelege gebyr	5
A.5	Fritak for gebyr.....	5
A.6	Klage.....	5
A.7	Avbrote arbeid.....	5
A.8	Endring av regulativet eller gebyrsatsane	5
A.9	Gebyr til statlege etatar	5
B	Tenester som skal betalast etter medgått tid	5
C	Gebyr for arbeid etter plan- og bygningsloven (§ 109)	5
C.1	Kart og eigedomsoppgåver (§ 5).....	5
C.2	Plansaker (§§ 28-2 og 30).....	6
C.2.1	Privat forslag til utbyggingsplan, reguleringsplan, eller endring av gjeldande utbyggings- eller reguleringsplan (pbl §§ 28-2 og 30).....	6
C.2.2	Fornya søknad.....	6
C.2.3	Søknad om planendring.....	6
C.2.4	Konsekvensutgreiing (pbl kap. VII-a)	7
C.3	Tiltakssaker (bygge- og anleggssaker)	7
C.3.1	Meldingssaker (pbl §§ 81, 85, 86 a og 86 b).....	7
C.3.2	Dispensasjon (pbl § 7).....	7
C.3.3	Søknadsplichtige tiltak (pbl § 93 unnateke § 93 bokstav h og § 106 a).....	7
C.3.4	Delingsøknad (pbl § 93 bokstav h)	8
C.3.4.1	Søknad i regulert område	8
C.3.4.2	Søknad i uregulert strok	8
C.3.5	Heis, rulletrapp, og rullande fortau. (pbl § 106 a)	8
C.3.7	Endringar i høve til gjeve løyve eller registrert melding	8
C.3.7.1	Endringar i høve til gjeve løyve eller registrert melding.....	8
C.3.7.2	Handsaming av avvik.....	8
C.5	Refusjonssaker (kap. IX)	9
C.5.1	Planbehandling og refusjonsvedtak (§§ 52 og 53)	9
C.5.2	Kostnadskontroll og fastsetjing av kostnadsdelinga (§ 55).....	9
C.6	Ulovlege byggearbeid (Kap. XIX)	9
D	Gebyr for arbeid etter delingslova (§ 5-2)	9
D.1	Kartforretning.....	9
D.1.1	Forretning utført av kommunen.....	9
D.1.1.1	Kombinert kart- og delingsforretning for nytt eigedomsnummer eller kartforretning over eksisterande eigedomsnummer (<i>per eigedomsnummer</i>):	9
D.1.1.2	Kombinert kart- og deleforretning for tilleggsareal til eksisterande eigedomsnummer eller uregistrert samferdselsgrunn	9
D.1.1.3	Kartforretning over del av eksisterande grense for eit eigedomsnummer	10
D.1.1.4	Justering av eksisterande grense.....	10
D.1.1.5	Kartforretning over volum	10
D.1.1.6	Kartforretning over punkt feste	10
D.1.1.7	Kartforretning utført utan markarbeid	10
D.1.2	Gebyr til kommunen når kartforretningsarbeidet delvis blir utført av kommunen, delvis av andre	10
D.1.3	Avbrot i kartforretningsarbeidet	10
D.2	Registrering uten kartforretning.....	10
D.2.1	Registreringsbrev.....	10
D.2.2	Utarbeiding av målebrev for grunnareal til seksjon	11

D.2.3 Ajourført målebrev etter kap. 20 i forskriftene	11
D.3 Grensepåvising.....	11
D.4 Registerutskrifter.....	11
E Gebyr for arbeid etter lov om eigarseksjonar (§ 7).....	11
E.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom	11
E.2 Utarbeiding av målebrev for grunnareal som er del av ein seksjon	11
E.3 Ny handsaming av avslegen søknad	11
F Forskrift om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v. av 29. desember 1993	11
G Gebyr for tiltakssaker etter ureiningslova	12
G.1 Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (kap 2 i forskrifta)	12
G.2 Utslepp frå mindre avløpsanlegg (kap. 16 i forskrifta)	12
G.2.1 Søknadssaker	12
G.2.2 Meldingssaker	12
G.2.3 Ny handsaming av avslegen søknad	12

A GENERELLE REGLAR

A.1 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betala gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Saksgebyr skal betalast sjølv om søknaden blir avslegen.

For godkjent § 93-søknad etter plan- og bygningsloven, som ikkje blir realisert, kan den som har betalt gebyret, krevje å få tilbakebetalt "trinn 2 delen" av gebyret i samsvar med retningslinjene i førre avsnitt.

Dersom eit avslag medfører ein revidert søknad innan 3 månader og denne blir godkjent, skal 75% av først innbetalt søknadsgebyr/basisgebyr gå til frådrag i nytt gebyr. (For plansaker etter pbl §§ 28-2 og 30 og søknadssaker etter dei andre heimlane gjeld eigne reglar, sjå pkt. C.2.3, E.3, F og G.3.)

Kommunen skal av eige tiltak betale tilbake det rekvirenten måtte ha til gode. Det same gjeld der kommunen ved feil har kravd og motteke for mykje i gebyr.

Gebyr skal være betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevje eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purre fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevje morarente i samsvar med morarentelova frå forfallsdato.

Det kan ikkje krevjast rentetillegg for for mykje betalt gebyr.

A.2 Kva for regulativ skal nyttast

Gebyra skal reknast ut etter det regulativet som gjeld den datoen kommunen tok mot ei tilfredsstillande melding, søknad, eller rekvisisjon.

A.3 Betalingstidspunkt

Før kommunen skriv ut mellombels bruksløyve eller ferdigattest, skal tilhøyrande gebyr vera betalt. Likeins skal kartforretningsgebyr og aktuelle tinglysingsgebyr vera betalt før mellombels forretning, målebrev eller registreringsbrev blir sendt til tinglysing.

For søknadssaker kan kommunen krevja at tilhøyrande gebyr skal vera betalt før saks-handsaminga tek til. For saker som skal betalast etter medgått tid og utlegg til sakkunnig hjelp, skal kommunen ved forskottsbetaling skriva ut eit førebels gebyr i samsvar med gjeve overslag. Når kommunen sine arbeid er fullført, skal kommunen rekna ut det endelege gebyret og skriva ut tilleggsrekning eller betala attende for mykje betalt gebyr.

Også for andre arbeid kan kommunen krevja at gebyret er betalt før kommunen sine arbeid tek til. For arbeid som skal betalast etter brukte timeverk, skal kommunen ved krav om førehandsbetaling stipulere gebyret. Til vanleg bør gebyr som skal reknast ut etter brukte timeverk og kommunen sine utlegg til sakkunnig hjelp, bli utskrive i ettertid.

Ved store oppdrag kan kommunen skriva ut rekning på utførte deler av arbeidet, men ikkje oftare enn månadsvis.

Klage på fastsetjinga av eit gebyr eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for å betale gebyr, medfører ikkje lengd betalingsfrist.

A.4 Urimelege gebyr

Dersom eit gebyr er openbert urimeleg i høve til dei prinsipp som er lagt til grunn, det arbeidet og dei kostnadene kommunen har hatt, kan administrasjonssjefen eller den som han/ho gjev fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr.

Fullmaktshavar kan under same føresetnader og med bakgrunn i grunngjeven søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr.

A.5 Fritak for gebyr

Når særlege grunnar tilseier det, kan kommunen etter kommunalt fastsette retningslinjer heilt eller delvis gje fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak.

A.6 Klage

Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av dette regulativet for gebyr etter plan- og bygningslova og forureiningslova. Kommunal klagenemnd er klageinstans for tilsvarende gebyrvedtak etter delings- og seksjoneringslova.

A.7 Avbrote arbeid

Når ein tiltakshavar/rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr i høve til det som er utført eller som kommunen må utføra.

A.8 Endring av regulativet eller gebyrsatsane

Kommunestyret vedtek endringar av gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si behandling av budsjettet for komande år.

Dersom kommunestyret vedtek at gjeldande regulativ skal indeksregulerast, skal satsane regulerast i samsvar med KS' "Hovedoversikt over kommunale arbeidstakere tabell II over endringer i månedsfortjeneste i % for teknisk sektor." Ved nemnde regulering skal ein avrunda satsane. Satsar over kr 50 skal ein avrunda til heile 10 kroner.

A.9 Gebyr til statlege etatar

Der kommunen skal krevja inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskrivning og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

B TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID

For gebyr som skal betalast etter medgått tid, jf. regulativet, skal ein bruke følgjande timesatsar:

a. Kontorarbeid	kr 600
b. Feltarbeid	kr 800

C GEBYR FOR ARBEID ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN (§ 109)

C.1 KART OG EIGEDOMSOPPGÅVER (§ 5)

C.1.1 Digitalt situasjonskart for plansaker

For plansaker (C2) skal det betalast gebyr for 1 time kr 600

C.1.2 Situasjonskart for tiltakssak (melding og søknad), refusjonssak og saker etter ureiningslova

Gebyr for situasjonskart er inkludert i sakshandsamingsgebyra.

For digitalt situasjonskart skal det betalast gebyr etter C.1.1

C.2 PLANSAKER (§§ 28-2 OG 30)

C.2.1 Privat forslag til utbyggingsplan, reguleringsplan, eller endring av gjeldande utbyggings- eller reguleringsplan (pbl §§ 28-2 og 30)

Saksgebyret skal kommunen rekna ut etter følgjande tabell:

GEBYR	Enkel sak	Middels tung sak	Komplisert sak
Basisgebyr ¹	kr 25 000	kr 50 000	kr 80 000
Tillegg for avklaring av rammer	kr 6 000	kr 20 000	Etter medgått tid og utgifter til sakkunnig bistand. Minstegebyr: kr 25 000
Tillegg for bearbeiding	kr 5 000	kr 15 000	Etter medgått tid og utgifter til sakkunnig bistand. Minstegebyr: kr 20 000

Dersom kommunen som ledd i sakshandsaminga fram til saka blir ei ”offentleg” plansak, må bruka tid på **avklaringar av rammer** som er uavklart(e) i høve til lov, forskrift, overordna plan eller vedtak gjort i medhald av desse, skal det betalast tilleggsgebyr som vist i tabellen. Inndelinga er definert slik:

Enkel sak: Få og små uavklarte tilhøve i forhold til gjeldande plan(ar). (Inntil eitt dagsverk)

Middels tung sak: I samsvar med overordna plan, men manglande detaljavklaring. (Frå 1–4 dagsverk tilleggsarbeid for kommunen)

Komplisert sak: Forslag i strid med overordna regelverk, plan eller offentlig vedtak

Dersom kommunen som ledd i sakshandsaminga fram til saka blir ei ”offentleg” plansak, må bruka tid på **bearbeiding av planpresentasjonen**, skal det betalast eit tilleggsgebyr som vist i tabellen. Inndelinga er definert slik:

Enkel (klasse 1): Nokre mindre justeringar må utførast (inntil eitt dagsverk)

Middels (klasse 2): Omfanget av den kommunale bearbeidinga krev eitt til fire dagsverk

Komplisert (klasse 3): Større grad av kommunal bearbeiding

C.2.2 Forny søknad

Dersom det innan eitt år blir innsendt fornya søknad for plan som er nekta fremja, skal det betalast halvt basisgebyr (pkt. C.2.1) og fulle tilleggsgebyr der søknaden medfører tilleggsarbeid for kommunen.

Ein fornya søknad skal klassifiserast ut frå den situasjonen som søknaden er i, i høve til klassifiseringsreglane ovanfor. Deretter skal kommunen rekna ut gebyret for saka.

C.2.3 Søknad om planendring

For søknad om endring av godkjent plan, skal det betalast følgjande gebyr:

Basisgebyr:

Klasse 1 (mindre vesentlege endringar) kr 7 700

Klasse 2 (vesentlege endringar uten protest) kr 16 500

Klasse 3 (vesentlege endring der det er usemje): Basisgebyr som for ny sak; sjå C.2.1

I tillegg kan det for alle klassane krevjast gebyr etter C.2.1 for tilleggsarbeid.

¹ Basisgebyret er eit fast gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ein søknad som er fullstendig frå søkjar si side, fram til saka er ei ”offentleg” plansak.

C.2.4 Konsekvensutgreiing (pbl kap. VII-a)

Der kommunen skal godkjenne konsekvensutgreiing utført på vegne av tiltakshavar, skal det betalast gebyr etter medgått tid og utlegg som kommunen måtte ha hatt til sakkunnig hjelp.

Minstegebyr for kvart utgreidd tilhøve (jf. tabell I og II i forskrifta) kr 27 500

C.3 TILTAKSSAKER (BYGGE- OG ANLEGGSSAKER)

C.3.1 Meldingssaker (pbl §§ 81, 85, 86 a og 86 b)

a. Sak som krev oppdatering av offentlege kart eller register: kr 4 000

b. Sak som ikkje krev oppdatering av offentlege kart eller register: kr 2 000

Der kommunen krev at ei meldingssak skal gjerast om til søknadssak, skal det berre betalast basisgebyr og betalt gebyr for meldinga skal koma til frådrag i saksgebyret.

Der tiltakshavar innan 3 år sender revidert melding som medfører ajourføring av offentleg kart eller register, skal det betalast tilleggsgebyr tilsvarande 25 % av gebyr etter pkt. a.

C.3.2 Dispensasjon (pbl § 7)

Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til saksgebyr etter pkt. C.3.3

Der søknad om tiltak medfører at det må gjevast dispensasjon i høve til lov, forskrift, vedtekt eller offentlege vedtak gjort i medhold av desse, er gebyret for kvart tilhøve som krev dispensasjon:

Dispensasjon kr 6 000

C.3.3 Søknadspliktige tiltak (pbl § 93 unnateke § 93 bokstav h og § 106 a)

Kommunen fastset i alle søknadssakene kva punkt i regulativet gebyret skal reknast ut etter.

Gebyret for søknadssakene er samansett av eit **basisgebyr**² og eit **tilleggsgebyr**.

Basisgebyret er inndelt i tre klassar: enkel sak, middels tung sak og komplisert sak; jf. vegleiaren s. 28 (kap. 4, C.3.5 Søknadspliktige tiltak)

Basisgebyret kan vidare delast inn i fleire nivå som dei ulike sakstypene i den detaljerte malen er relatert til. (Her er valt 2 nivå)

Nivå/gebyr	Enkel sak	Middels tung sak	Komplisert sak
1: Bygningar ³ unntatt garasjar o.l. (kode 18)	kr 5 000	kr 9 000	medgått tid, min. kr 14 000
2: Alle andre søknadssakene	kr 4 000	kr 5 000	medgått tid, min. kr 8 000

For sak levert via ByggSøk skal basisgebyret reduserast med 20%

² Basisgebyret i tiltakssakene er eit fast gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ei sak som er fullstendig tilrettelagt frå søker si side.

³ Konstruksjon, anlegg og vesentlege endringar av terrenget, som er med i ein byggesøknad, er medrekna i gebyret. Der bustadbygning har fleire bueiningar som tilfredsstillar krava til å kunna bli registrert som eigen seksjon etter lov om eigarseksjonar, skal det betalast følgjande tillegg per eining:

Eining nr. 2 til og med nr 5: 50 % av satsane i tabellen.

Frå og med eining nr. 6: 20 % av satsane i tabellen.

For bueining som ikkje tilfredsstillar dei fysiske krava for å kunna bli registrert som eigen seksjon etter lov om eigarseksjonar, skal det per eining betalast eit tillegg på 20 % av satsane i tabellen.

For tilbygg av ny(e) bueining(ar), eller tilbygg, påbygg eller underbygg som vesentleg endrar eksisterande bygning, skal det betalast gebyr som for ny bygning.

Tilleggsgebyr: Der ei søknadssak medfører ekstraarbeid for kommunen, skal det krevjast tilleggsgebyr etter denne skalaen:

1 Lite (inntil eit halvt dagsverk)	kr 1 700
2 Middels (inntil to dagsverk)	kr 5 000
3 Mykje (meir enn to dagsverk) Medgått tid. Minstegebyr:	kr 9 000

Tilhøve som medfører tilleggsgebyr er m.a.: Delt sakshandsaming, innhenting av tilleggsdokumentasjon, synfaring, vurdere søknad om ansvarsrett som ikkje er vurdert tidlegare for tilsvarende ansvar, ta mot eller vurdere innvendingar frå naboar, innhente uttale/samtykke frå andre styresmakter, rette manglar ved søknaden (der dette er mest rasjonelt for kommunen). Tilleggsgebyret femner og om utgifter til ekstern spesialkompetanse.

C.3.4 Delingssøknad (pbl § 93 bokstav h)

For søknad som er samordna med annan tiltakssøknad, t.d. byggesøknad, skal gebyret vera 75% av satsane nedanfor.

Gebyret gjeld per søknad. Der søknaden gjeld fleire formål eller område med ulik reguleringsstatus, skal gebyret reknast ut etter dei høgste satsane.

C.3.4.1 Søknad i regulert område

- a. Samsvar med grenser fastsett i godkjent regulerings- eller utbyggingsplan kr 1 600
- b. Andre grenser enn fastsett i gjeldande plan eller der desse ikkje er fastlagde
 - 1 byggetomt kr 3 500
 - 2 andre formål kr 2 700

C.3.4.2 Søknad i uregulert strok

- a Byggetomt kr 4 000
- b Andre formål, kr 3 100

Inneber søknaden dispensasjonsvurdering, skal det i tillegg betalast gebyr etter pkt. C.3.2.

For delingssak som også krev godkjenning etter jordlova, skal det i tillegg krevjast gebyr etter forskrift om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v. av 29. desember 1993, § 1, bokstav b. (f.t. kr 750 per sak).

C.3.5 Heis, rulletrapp, og rullande fortau. (pbl § 106 a)

Der kommunen må nytta sakkunnig hjelp til sakshandsaming og i kontroll av anlegg som er i drift, skal eigar (tiltakshavar) dekkje kommunen sine utlegg til sakkunnig hjelp. I tillegg skal det betalast eit saksgebyr for kommunen sitt arbeid: kr 1 400

C.3.7 Endringar i høve til gjeve løyve eller registrert melding

C.3.7.1 Endringar i høve til gjeve løyve eller registrert melding

For sakshandsaming av endringsforslag skal det betalast gebyr i samsvar med reglane for tilleggsgebyr i C.3.3

Er det søkt om større endring(ar), kan kommunen krevja at saka skal handsamast som ny sak. Kommunen skal i så fall avgjera om det skal fastsetjast reduserte gebyr i høve til regulativet, jf. pkt. A.4.

C.3.7.2 Handsaming av avvik

For handsaming av rapportert avvik eller avvik som er avdekt gjennom tilsyn, er gebyret per handsama avvik: kr 1 550

C.5 REFUSJONSSAKER (KAP. IX)

C.5.1 Planbehandling og refusjonsvedtak (§§ 52 og 53)

Gebyr i høve til medgått tid og utgifter til fagkunnig hjelp. **Minstegebyr:** kr 13 600

C.5.2 Kostnadskontroll og fastsetjing av kostnadsdelinga (§ 55)

Gebyr i høve til medgått tid og utgifter til fagkunnig hjelp. **Minstegebyr:** kr 23 000

Kommunen kan nekta å starta arbeid etter C.5.2 til gebyr for arbeida som inngår i C.5.1 og minstegebyret etter C.5.2 er betalt. For gebyr som overstig minstegebyret, kan kommunen krevja betaling etter kvar avslutta etappe i sakshandsaminga.

C.6 ULOVLEGE BYGGEARBEID (KAP. XIX)

1. For skriftleg melding til tiltakshavar om oppdaga ulovleg tiltak i høve til krava i plan- og bygningslova med rettleiing om kva tiltakshavar må gjera for å få tiltaket i samsvar med regelverket, skal det betalast:

a) for meldingssak	kr 4 500
b) for søknadssak	kr 9 000
2. Dersom tiltakshavar innan sett frist ikkje har retta seg etter dei pålegg han/ho har fått for å få tiltaket i lovlege former, skal det betalast gebyr etter medgått tid og satsar i pkt. B i dette regulativet. I tillegg kan kommunen krevje dekkja sine kostnader til sakkunnig bistand. **Minstegebyr:**

a) for meldingssak	kr 6 000
b) for søknadssak	kr 12 000

D GEBYR FOR ARBEID ETTER DELINGSLOVA (§ 5-2)

D.1 KARTFORRETNING

D.1.1 Forretning utført av kommunen

I område 1 etter Geodatanormen (bysentra) skal det betalast 30 % tillegg til satsane i pkt. D.1.1.1 - 1.1.5

D.1.1.1 Kombinert kart- og delingsforretning for nytt eigedomsnummer eller kartforretning over eksisterande eigedomsnummer (*per eigedomsnummer*):

areal til og med 2 dekar	kr 18 000
areal 2 til 5dekar	kr 26 000
areal 5 til 20dekar	kr 30 000
areal over 20 dekar etter medgått tid. Minstegebyr	kr 33 000

Ved samstundes frådelling av tomter som grensar til kvarandre, er gebyret 80 % av ovanstående gebyr frå og med tomt nr. 6.

I område 1 etter Geodatanormen (bysentra) skal det betalast 30 % tillegg til satsane i pkt. D.1.1.1 - 1.1.5

D.1.1.2 Kombinert kart- og deleforretning for tilleggsareal til eksisterande eigedomsnummer eller uregistrert samferdselsgrunn

areal til og med 1 ar	kr 5 500
areal 1 til 5 ar	kr 7 500
areal 5 ar til 5dekar	kr 14 000
areal 5 til 20 dekar	kr 20 000
areal over 20 dekar etter medgått tid. Minstegebyr	kr 25 000

Der tilleggsarealet kjem frå fleire eigedomseiningar, skal det reknast gebyr for kvar frådelt parsell etter ovanstående tabell.

D.1.1.3 Kartforretning over del av eksisterande grense for eit eigedomsnummer

Til og med 3 grensepunkt kr 7 500
For overskytande grensepunkt, per punkt kr 2 500

D.1.1.4 Justering av eksisterande grense

For grensejustering i samband med kartforretning etter pkt. D.1.1.1, D.1.1.2, eller D.1.1.5, er arbeida medrekna i gebyret.

For grensejustering utført som eiga sak, skal det betalast gebyr etter D.1.1.3.

D.1.1.5 Kartforretning over volum

Der eit registernummer heilt eller delvis blir avgrensa som eit volum, skal det betalast eit tillegg på 20 % av gebyret etter D.1.1.1 eller D.1.1.2.

D.1.1.6 Kartforretning over punktfeste

Inntil tre punktfeste, som ligg på eitt registernummer, og som blir etablert i same sak:

per punktfeste: kr 8 500

For overskytande punktfeste etablert samstundes på same eigedom, 80 % av fullt gebyr.

D.1.1.7 Kartforretning utført utan markarbeid

Dersom kartforretning blir utført utan markarbeid, skal det betalast eit gebyr på 65 % av ovanstående satsar

D.1.2 Gebyr til kommunen når kartforretningsarbeidet delvis blir utført av kommunen, delvis av andre

Ved utrekning av gebyra skal ein nytta følgjande %-satsar for dei ulike delene av arbeida og satsane i pkt. D.1.1.1 til og med D.1.1.6:

Oppgåve	Område 1	Dei andre områda
1 Tilrettelegging av datagrunnlag	35 %	25 %
2 Varsling og kartforretningsmøte	15 %	15 %
3 Tekniske arbeid og dokumentasjon	30 %	35 %
4 Registerarbeida (sluttarbeida)	20 %	25 %

Fordelinga mellom oppgåve 3 og 4 føreset at koordinatdokumentasjonen er i digital og nasjonal godkjent standard. Der dokumentasjonen er analog, skal aktivitet nr. 4 sin del aukast og aktivitet nr. 3 minkast med 5 %.

D.1.3 Avbrot i kartforretningsarbeidet

Gebyr skal betalast etter regelen i pkt. A.7. **Minstegebyr** kr 3 000

D.2 REGISTRERING UTEN KARTFORRETNING

D.2.1 Registreringsbrev

For utarbeiding av registreringsbrev etter kap. 27 i forskriftene til delingslova og oppfølgjande registreringsarbeid, er gebyret per nytt registernummer kr 4 500

Der sjølv registreringsbrevet blir utarbeidd av ekstern instans, skal det betalast halvt gebyr.

Dersom dokumentasjonen blir levert i digital form på nasjonal godkjent standard, er gebyret 20 % av fullt gebyr.

D.2.2 Utarbeiding av målebrev for grunnareal til seksjon

Der utarbeiding av målebrev krev markarbeid, er gebyret per seksjon kr 8 600
Der utarbeiding av målebrev ikkje krev markarbeid, er gebyret per seksjon kr 4 300

Ved reseksjonering som medfører endring av grenser for ein seksjon sitt uteareal, skal det lagast nytt målebrev. Gebyr skal betalast i samsvar med ovanstående satsar.

D.2.3 Ajourført målebrev etter kap. 20 i forskriftene

- a. Ajourføring av målebrev med koordinatar for grensene for registernummer som blir endra ved ei grenseregulering eller ved etablering av ny eigendom når dette skjer i samband med utarbeiding av aktuelt målebrev: kr 850
- b. Ajourføring av målebrev som eiga sak: kr 2 500

D.3 GRENSEPÅVISING

For påvising av grense ut frå koordinatfastsette grenser i målebrev eller eigedomskart av tilfredsstillande kvalitet:

- Til og med to punkt: kr 4 500
- Tillegg per punkt frå og med punkt nr. tre, kr 600

D.4 REGISTERUTSKRIFTER

Det skal betalast gebyr i samsvar med pkt. B.1

E GEBYR FOR ARBEID ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (§ 7)

E.1 KRAV OM SEKSJONERING ELLER RESEKSJONERING AV EIN EIGEDOM

- a. Sak som krev synfaring: fem rettsgebyr.
- b. Sak som ikkje krev synfaring: tre rettsgebyr.

E.2 UTARBEIDING AV MÅLEBREV FOR GRUNNAREAL SOM ER DEL AV EIN SEKSJON

Der det inngår grunnareal i ein seksjon, skal det i tillegg til seksjoneringsgebyr etter E.1, betalast gebyr etter reglane i pkt. D.2.2 eller D.2.3.

E.3 NY HANDSAMING AV AVSLEGEN SØKNAD

Der fornya søknad om seksjonering eller reseksjonering av eit bruksnummer eller festenummer, fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr koma til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. (Kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr.)

F FORSKRIFT OM GEBYR FOR BEHANDLING AV KONSESJONSSAKER M.V. AV 29. DESEMBER 1993

Kommunen skal krevja gebyr **etter reglane i forskrifta** for følgjande saker (staten fastset gebyret):

- a) Søknader om konsesjon (ervertsløyve) etter
 1. lov av 3. juli 1914 nr. 5 om ervert av kalksteinsforekomster,
 2. lov av 17. juni 1949 nr. 3 om ervert av kvartsforekomster,

3. lov av 31. mai 1974 nr 19 om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlige ved erverv av fast eiendom (konsesjonslova). Satsen er 3 promille av første millionen av kjøpesummen, deretter 2 promille. Minstegebyret er sett til kr 750
- b) Søknader om omdisponering av jord og delingssamtykke etter lov om jord (jordloven) av 12. mai 1995 nr. 25 § 12 kr 750

G GEBYR FOR TILTAKSSAKER ETTER UREININGSLOVA

G.1 OPPRYDDING I UREINA GRUNN VED BYGGE- OG GRAVEARBEID (KAP 2 I FORSKRIFTA)

For kommunen sine arbeid etter kap. 2 i forskrift av 01.06.04 skal det betalast gebyr etter medgått tid og satsar i pkt. B i dette regulativet. I tillegg kan kommunen krevje dekkja sine kostnader til sakkunnig bistand. **Minstegebyr:** kr 3 000

G.2 UTSLEPP FRÅ MINDRE AVLØPSANLEGG (KAP. 16 I FORSKRIFTA)

G.2.1 Søknadssaker

Der det vert etablert nytt anlegg må det samtidig søkjast om utsleppsløyve + søkjast om byggeløyve for anlegget. Gebyret for utsleppsløyve gjeld i tillegg til byggesaksgebyret i C.3. Det skal betalast gebyr per utslepp etter følgjande satsar:

- | | |
|---|----------|
| a Anlegg der utsleppet er kalkulert til < 15 PE | kr 3 500 |
| b Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 15 og 100 PE | kr 5 000 |
| c Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 100 og 1000 PE | kr 7 500 |

Der ein søknad gjeld fleire avløp av same storleik på same eigedom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast halvt gebyr per avløp frå og med nr. 2.

Der ein søknad gjeld fleire avløp av ulik storleik på same eigedom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast fullt gebyr for det avløpet som gjev størst gebyr og halvt gebyr i høve til klassen per avløp som kjem i tillegg.

G.2.2 Meldingssaker

For meldingssaker etter § 5 er gebyret per avløp: kr 2 000

G.2.3 Ny handsaming av avslegen søknad

Der fornya søknad om utsleppsløyve fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr koma til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. (Kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr.)

G.2.3 Ny handsaming av avslegen søknad

Dersom motteke sak vert avvist eller er så mangelfull at kommunen ikkje finn å kunna handsama saka, skal saka returnerast til innsendar med melding om grunnen til avvisinga eller kva som må gjerast før kommunen kan ta saka under handsaming. Ved avvising av saka skal det og opplysast om klageretten på vedtaket. For kommunen sitt arbeid skal det betalast eit gebyr på kr 500

G.3 KONTROLLSAKER

For kontroll av avløpsanlegg utført av kommunen skal det betalast følgjande gebyr for kvart anlegg:

a	Anlegg der utsleppet er kalkulert til < 15 PE	kr 2 000
b	Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 15 og 100 PE	kr 3 000
c	Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 100 og 500 PE	kr 5 000
c	Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom > 500 PE etter medgått tid, jf. B. Minstegebyr	kr 9 000

Noter

¹ Basisgebyret er eit fast gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ein søknad som er fullstendig frå søkjar si side, fram til saka er ei ”offentleg” plansak.

² Basisgebyret i tiltakssakene er eit fast gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ei sak som er fullstendig tilrettelagt frå søker si side.

³ Konstruksjon, anlegg og vesentlege endringar av terrenget, som er med i ein byggesøknad, er medrekna i gebyret. Der bustadbygning har fleire bueiningar som tilfredsstillar krava til å kunna bli registrert som eigen seksjon etter lov om eigarseksjonar, skal det betalast følgjande tillegg per eining:

Eining nr. 2 til og med nr 5: 50 % av satsane i tabellen.

Frå og med eining nr. 6: 20 % av satsane i tabellen.

For bueining som ikkje tilfredsstillar dei fysiske krava for å kunna bli registrert som eigen seksjon etter lov om eigarseksjonar, skal det per eining betalast eit tillegg på 20 % av satsane i tabellen.

For tilbygg av ny(e) bueining(ar), eller tilbygg, påbygg eller underbygg som vesentleg endrar eksisterande bygning, skal det betalast gebyr som for ny bygning.